

Rekordinnrykk i båthamnane: Over 60!

31.05.2009



Fire frå Fana som trivs i Uskedalen: Anne Kristin Kjosås, Frode Rikstad, Ludvik (13) Kjosås Bergmann og Fredrik (14) Rikstad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det teiknar til å bli ei makelaus helg også med omsyn til besøk i Uskedalen: Natt til i dag (sundag) var det 62 gjestebåtar i hamnane våre og folk som hugsar langt attende seier at det er rekord.

Det var 47 båtar i hamna til båtlaget (medrekna Sandakaien) og 15 i Øyro Marina, altså tilsaman 62.

Øyro var i den situasjon at fleire måtte avvisast, opplyssar Tove Høgemark

Natt til mandag var det 37 båtar i båtlaghamna.



Båtgleiar Rolf Myklebust er svært nøgd med båtbesøket i helga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er einaståande. Allereie natt til laurdag hadde vi ein sterk opptakt med 37 gjestebåtar, fortel båtgleiar Rolf Myklebust.

Han er også glad for at det store innrykket gjekk utan problem sjølv om det kom mykje folk til hamneområdet. Båtfolket oppførar seg med andre ord fint.

Det kan bekrefastast av mellom andre ein Fana-familie, som kom fykande i 40 knop med ein Windy Mirage og som alltid har eit fint opphold i Uskedalen. Dei var her så seint som sist helg!

Slik oppsummerar Frode Rikstad og Anne Kristin Kjosás grunnane til at valet deire gong på gong fell på bygda vår når dei skal ut og lufta seg litt:

- Det er ein flott plass med ein stor slagen natur. SPAR-butikken er fantastisk med omsyn til utval og service sjølv om han var stengt på vi kom hit denne laurdagen. Det same var dverre Verthuset.

Tilbodet her i hamna er førsteklasses, med toalett og dusj, og ungane kan nyitta uteanlegget på skulen til aktivitet.

Eit stort pluss for Uskedalen er også at det er fredelegare her enn i nabohamnane.

Skal vi komma med nokre ynskjemål, må det vera at det blir betre markering av stadene der stigane mot fjellet tek av - og nokre syklar plassert her i båthamna!

Av Ola Matti Mathisen



Aldri før har det vore så mange gjestebåtar i Uskedalen som natt til sundag! (Foto: Ola Matti Mathisen)